

Mona Grindheim
Dortledhaugen 148
5239 Rådal.

Radøy kommune
Teknisk forvaltning v. Line Hervik
Radøyvegen 1690
5936 MANGER.

SØKND OM DISPENSASJON. Byggesak Gbnr 45/309 Manger – garasje.

Viser til mellombels svar av 10.11.d.å. og søker med dette om dispensasjon frå

1. utnyttingsgrad på tomta,
2. avstand til nabogrense og veg,
3. avstand vegmidte. Sjå vedlagt søknadsjema.

GRUNNGJEVING.

Utnyttingsgraden av tomten skal i dette området vera inntil 25%. Vert det bygd ein garasje her, vil utnyttingsgraden verta 36%. I følge reguleringsplan for Manger sentrum kan tomtane der ha ein utnyttingsgrad på 50%. I same planen går det også fram at det i sentrumsnære område kan tillastast ei fortetning, sjå p. 3.1.2 og 4 (ROS). Ettersom Kvernhusvegen også er eit sentrumsnært område, håper me at det også her kan gjerast unntak frå 25%-regelen.

Arealet der det er søkt om å få byggja garasje, er no brukt som biloppstillingsplass. Det ligg mot nord og er lite eigna til uteplass eller andre formål. Tomten ligg ved ein blindveg og krev ingen annan tilkomstveg enn den som alt er opparbeidd. Me kan heller ikkje sjå at ein garasje her vil medføra ulemper for trafikk, sikkerheit, miljø eller estetikk.

Søknad om å få byggja garasje her er i forståelse med nabo mot nord. Det vil ikkje berøra hans interesser og han samtykkjer i at bygget vil koma nærmare hans grense og veg enn forskriftene tilrår.

Det er både helsemessige og sosiale grunnar til at Eli treng bil. Ho greier ikkje å gå til butikk og treng hjelp til å få t.d. matvarer i hus. Er det snø, må ho også ha hjelp til å kosta bilen og skrapa rutene. Ein garasje ville fjerna dette problemet og gjera det enklare både for henne og dei som yter hjelp.

På dette grunnlaget søker me om dispensasjon frå utnyttingsgrad på tomt, avstand frå nabogrense og veg og frå vegmidte på kommunal veg.

Manger 24.11.2014.

Mvh


Mona Grindheim.